


Rekordmange søker til nettstudium

Færre har søkt seg til høgare utdanning i år enn i fjor. Men aldri før har så mange søkt seg til nettstudium.

Universitet og høgskular har lyst ut 62 191 studieplassar fordelt på 1 317 studium. Dette er det høgaste talet på utlyste studieplassar nokon gong. Ved årets søknadsfrist til Samordna opptak er det likevel 12,4 prosent færre søker enn i 2021.

-Etter to år med rekordhøge søkeratal, koronapandemi og uvisse i samfunnet, er årets søkeratal kome ned på nivå med 2017, seier Sveinung Skule.



Markant oppgang i nettstudium

Det er likevel eitt unntak. Aldri før har så mange nettstudium som sitt fyrsteval. Søknadstala til nettstudium har auka med 34,2 prosent sidan 2021.

- Vi har sett ein stor auke i søkerar til nettstudium dei siste åra, noko som kan henge saman med at fleire ønskjer seg ein fleksibel studiekvartdag. Fleire av studiestadane som har lagt til rette for dette har opplevd ein markant auke i søkerar, seier Skule.

Liten nedgang i søkerar til fagskular

2022 er tredje året med Samordna opptak for fagskular. I år er det gjennom Samordna opptak lyst ut 12 186 studieplassar delt på 437 ulike fagskuleutdanninger. Det er i år 560 færre søkerar som har søkt studieplass ved høgare yrkesfagleg utdanning samanlikna med i 2021. Dette er en nedgang på -4,4 prosent, men tala er ikkje direkte samanliknbare sidan det er endringar i kva for fagskular som deltek i det samordna opptaket.

- Sjølv om vi ser ein liten nedgang i talet på søkerar også til fagskulane i år, er det interessant å sjå korleis fagskulane er blitt meir synlege dei siste åra. At dei også tilbyr mange fleksible, nett- og samlingsbaserte utdanninger ser vi er blitt godt mottatt av søkerane, seier Skule.

2022-opptaket er det første året der majoriteten av studieplassane i fagskulane er nett- og samlingsbaserte, med ein oppgang frå 49,4 i fjor til 58,4 prosent i år. Samanliknar vi med opptaket for to år sidan er aukinga på heile 81 prosent samanlikna med årets opptak.

Fakta:

I dag koordinerer Samordna opptak opptaket til 27 universitet og høgskular og 23 fagskular. 1. januar 2022 blei Samordna opptak ein del av det nye Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Direktoratet er eit resultat av samanslåinga av Diku, Kompetanse Norge, Universell og delar av Unit og NSD.

Søkjartal 2022 - universitet og høgskular

- 134 954 personar har i år søkt opptak til universitet og høgskular gjennom Samordna opptak.
- Universitet og høgskular har lyst ut 62 191 studieplassar fordelt på 1 317 studium.
- I 2022 har 80 729 kvinnelege søkerar og 54 225 mannlige søkerar søkt opptak til grunnstudium ved universitet og høgskular gjennom Samordna opptak. Dette utgjer ein kvinnedel på 59,8 prosent og ein mannsdel på 40,2 prosent.

Søkjartal 2022 - fagskular

- 12 246 personar har i år søkt opptak til høgare yrkesfagleg utdanning gjennom Samordna opptak.
- Det er lyst ut 12 186 studieplassar delt på 437 ulike fagskuleutdanninger/- studium.
- Av totalt 12 246 søkerar er 4 295 kvinner og 7 951 menn. Dette utgjer ein kvinnedel på 35,1 prosent og ein mannsdel på 64,9 prosent.

Nettstudium og nettstudium med samlingar

- Sidan 2016 har universitet og høgskular utvida talet på studieplassar knytt til nettstudium med 207,0 prosent.
- Talet på studieplassar knytt til nettstudium med samlingar har auka med 76,1 prosent. Til samanlikning har studieplassar på stadsbaserte utdanninger auka med 9,3 prosent i same periode.
- Det er i år oppretta 9 nye nettstudium ved universitet og høgskular, med totalt 535 studieplassar. Desse studia har til saman fått 3 055 fyrstevalssøkerar. Totalt 475 av desse studieplassane, og 2 956 av desse fyrstevalssøkerane er knytt til 6 nye nettstudium ved Høgskolen i Innlandet (HINN).